

Fra: Hans-Christian Engum (Hans-Christian.Engum@hfk.no)

Sendt: 25.05.2016 11:34:18

Til: 'Aleheim, Åse'; 'Erik Kvalheim'

Kopi: Eva Katrine Ritland Taule

Emne: SV: ANG. ENDRINGER I RETNINGSLINJER TIL "REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET"

Vedlegg: image001.jpg;image002.png

Hei Åse og Erik.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka 19. mai, der dei samrøystes vedtok innstillinga til rådmannen. Saka finn du her: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/Details/7173>. Saka skal til endeleg handsaming i Fylkestinget 14/15. juni.

Eg trur ikkje eg går inn i ei drøfting på dei punkta de sendte over no, problemstillingane som vert løfta er ikkje nye og har vore vurdert undervegs i planarbeidet. Vårt utgangspunkt i denne «ekstrarunden» har vore at vi har eit samrøystes vedtak frå Fylkestinget i fjor. Behovet no har vore å avstemma med Rogaland for å få gjennom vedtak i begge fylker. Begge fylka har vore tydeleg på at det berre er mindre endringar ein opnar for no. Det er lagt opp til at begge FT legg til grunn endringa knytt til Ekrene slik som Fylkestinget i Hordaland gjorde i fjor. Fylkesutvalet innstiller også med at dersom Rogaland nok ein gong ikkje vedtek planen, så vert Hordaland sitt vedtak frå juni 2015 oppheva.

Fylkestinget i Hordaland opna i fjor for å sjå nærare på retningslinene knytt til landbruk og dette var bakgrunnen for at eg spurte deg og Erik om vurdering av dei endringane som er foreslått. Eg tolkar dykk begge to slik at desse endringane er til å leve med, sjølv om de kanskje helst hadde sett endå fleire endringar. Vi har i alle fall tolka det slik at det er endringa knytt til kjerneområde landbruk som har vore det viktigaste for dykk.

Vi venter i spenning på kva som skjer i Fylkestinga. Vi held kontakten.

Venleg helsing

Hans-Christian Engum

spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | planseksjonen

Tlf: 55 23 90 22 | Mob: 97 14 78 48

www.hordaland.no

Fra: Aleheim, Åse [mailto:Ase.Aleheim@sveio.kommune.no]

Sendt: 23. mai 2016 09:59

Til: Hans-Christian Engum <Hans-Christian.Engum@hfk.no>

Kopi: Tollefsen, Kenneth <Kenneth.Tollefsen@sveio.kommune.no>; 'Erik Kvalheim' <Erik.Kvalheim@etne.kommune.no>

Emne: RE: ANG. ENDRINGER I RETNINGSLINJER TIL "REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET"

Viktighet: Høy

Hei Hans-Christian.

Eg er klar over at vi no kjem med ein sein tilbakemelding på din førespurnad om ATPen for Haugalandet. Saka har vore til drøfting internt og det har vore både sjukdom og fridagar som har gjort at det har teke litt til å gje deg eit svar. Eg veit at du spurte om landbruksdelen og område for LNF i e-posten under, men vi vel likevel å i tillegg ta opp problematikken med at Sveio som er ein bygdekommune skal liggja i det bynære området med dei krav og forventingar i retningslinene som gjeld for slike område.

KOMMENTAR FRÅ SVEIO:

LNF og landbruk:

Sveio kommune støttar Etne kommune sin kommentar til Regional plan for areal og transport på Haugalandet når det gjeld retningslinjer for kjerneområde landbruk og forvaltning av LNF-område.

Bynære område:

Vi ønskjer i tillegg kommentera forventningane frå Rogaland fylkeskommune om at delar av Sveio kommune fortsett bør liggja i det så kalla «bynære området». Dette må sjåast i samanheng med at Fylkestinget i Hordaland ved taked av den regionale planen la ved eit punkt om at områda på Ekrene Vest skal kunne byggjast ut som bustadområde.

Sveio har ved tidlegare tilfelle argumentert for kvifor vi ikkje bør liggja innanfor avgrensinga til det «bynære område» og det omfattar ikkje berre manglande kollektivtrafikk slik det vert lagt fram i fylkeskommunen sin kommentar til det omforente forslaget. Vi meiner at ein må først sjå på kva grunngevinga er for at ein treng ei slik avgrensing for det bynære området i den regionale planen. Dersom hensikt med planen skal vera å ta omsyn til det regionale perspektivet for Haugalandet, så må ein vurdere avgrensinga av det bynære området etter kor det faktisk er behov for å sikra ein føreseieleg utbygging, kva område som kan utgjera eit pressområde for utbygging, kva område som kan truga regionsenteret og særskilt Haugesund sentrum og som ved ukontrollert utbygging kan få negative verknader for regionsenteret. Det er lagt inn retningslinjer for desse bynære områda for å sikra at utbygginga skjer på ein forsvarleg måte for å styrka regionsenteret og samordna areal- og transportplanlegginga. Sveio kan ikkje heilt sjå at vi skal liggja innanfor denne avgrensinga, særskilt ikkje når vi har behov for å sjølve styrka vårt kommunesenter, minska arbeidspendinga som går ut av kommunen og stoppa den store handelslekkasjen (som jo genererer meir bilbruk).

Argumentasjonen frå fylkeskommunen for å halda på at Sveio fortsett skal vera med i denne avgrensinga er at det har vore stor vekst i denne delen av Sveio. Ein ser det med andre ord som ein trussel at det har vore vekst i Sveio sentrum og på Ekrene dei siste åra. Vi meiner at det er viktig at kommunen og særskilt Sveio sentrum ikkje vert hindra i å leggja til rette for ein vidare utvikling slik det best eignar seg. Vi trur ikkje at ein fortsett vekst i Sveio sentrum eller ved Ekrene vil medføre negative regionale verknader på nokon måte for regionsenteret eller utviklinga i Haugesund. Dette fordi utbygginga av bustader i Sveio er sær avgrrensa i forhold til dei områda som har meir bypreg. Kommuneplanen legg i tillegg ikkje opp til ein så stor bustadbygging i søre del av kommunen som kan vera med på å utarma regionsenteret på nokon måte. Frå år 2000 (til og med 2015) har det i Sveio vore bygd i gjennomsnitt 39 fullførte bustader per år. Jamfør ein med Haugesund og Karmøy så har desse i gjennomsnitt hatt respektive 217 og 255 nye bustader i same tidsperiode. Sett ein dette i eit større perspektiv så har området som SSB har definert som Haugesundsregionen hatt eit gjennomsnitt på 571 nye bustader per år i perioden. Sveio sine nye bustader utgjær såleis 6,8 % av dei nye bustadene i Haugesundsregionen i tidsperioden 2000-2015. Tala for Sveio vitnar klart om at det ikkje er byggjepress i kommunen, sjølv om det meste av bustadbygginga skulle skje i det som no er definert som bynære område, dvs. Sveio sentrum og på Ekrene.

Det er viktig at avgrensinga av det bynære området ikkje vert større enn naudsynt. Då vi ikkje kan sjå at det i planen er tilstrekkeleg godt argumentert for kvifor avgrensinga skal gå ved Sveio sentrum, så meiner vi at denne grensa skal justerast i det minste til kommunegrensa. Det er viktig at ein ikkje legg urimelege føringar og krav til område som likevel ikkje utgjær ein reell trussel for regionsenteret og intensjonen om å samordna areal- og transportplanlegginga. Det er dermed ikkje sagt at Sveio sentrum ikkje skal vera omfatta av krav om regional handelsanalyse, men sett opp mot den store handelslekkasjen kommunen har (70%) så er det lenge til handel i Sveio utgjær ei trussel for handel i regionsenteret eller i nabokommunane.

Her er vår argumentasjon for kvifor vi fortsatt meiner at vi bør haldast utanfor det «bynære området».

- Vi har ikkje det byggjepresset eller er omfatta av så store byggjeprosjekter som Haugesund, Karmøy og Tysvær har.
- Fortsett utbygging i Sveio vil ikkje få dei store regionale verknadene som den regionale planen ser ut til å frykta.
- Avstandane er kanskje relativt korte til Haugesund sentrum, men i realiteten er fortsett Sveio ein bygdekommune som ikkje vert omfatta av dei same utfordringane og byggjepresset som områda med meir bypreg har.

- Med unntak for Ekreneområdet skjer det ikkje nokon form for utbygging mellom Haugesund og Sveio sentrum og kommuneplanen legg ikkje heller opp til det.
- Vidare utbygging på Ekrene og forsterkning av Sveio sentrum vil vera kommunen sitt verktøy for å leggja til retta for ein meir samordna areal- og transportplanlegging som opnar for meir aktivitet der det allereie bur folk og som vil vera med å minska på bilbruken mot resten av Haugalandet.
- Det er ikkje samanhengande gang- og sykkelvegnett mellom Sveio sentrum og Haugesund, noko som gjer avstanda enno lengre for gåande og syklande. Sveio sentrum er såleis ikkje så bynære som ein skulle tru.
- Det er særst avgrensa kollektivtrafikk mellom Sveio sentrum og Haugesund sentrum.

Med helsing

Åse Aleheim

Samfunnsplanleggjar

Plan- og næringsavdelinga

Telefon: 53 74 80 66

E-post: ase.aleheim@sveio.kommune.no



Sveio kommune

Telefon sentralbord: 53 74 80 00

www.sveio.kommune.no

postmottak@sveio.kommune.no

From: Hans-Christian Engum [<mailto:Hans-Christian.Engum@hfk.no>]

Sent: Friday, April 29, 2016 12:35 PM

To: Aleheim, Åse; 'Erik Kvalheim'

Subject: VS: ANG. ENDRINGER I RETNINGSLINJER TIL "REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET"

Hei.

Vedlagt finn de fylkeskommunane sine forslag til endringar i Haugalandsplanen. Desse har de heilt sikkert allereie sett. Eg ville berre høyre kva de tenkjer om landbruksdelen i dette.

Fint om de kunne svare kjapt.

Venleg helsing

Hans-Christian Engum

spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | planseksjonen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 90 22 | Mob: 97 14 78 48

www.hordaland.no

Fra: Bernt Østnor [<mailto:bernt.ostnor@rogfk.no>]

Sendt: 19. april 2016 09:15

Til: Solveig Ege Tengesdal; Marianne Chesak; Janne Johnsen; terje.halleland@vindafjord.kommune.no; Arne Bergsvåg; kjetil.hestad@gmail.com; Arne-Christian.Mohn@haugesund.kommune.no; May.Britt.Vihovde@haugesund.kommune.no; jarle.nilsen@karmoy.kommune.no; lmk@fatland.no; tormod.vaga@bokn.kommune.no; Siri Klokkestuen; asbjorn.birkeland@sauda.kommune.no; jorunn.skaaden@sveio.kommune.no; Sigmund.Lier@tysver.kommune.no; ordfoerer@utsira.kommune.no; ole.johan.vierdal@vindafjord.kommune.no; Heidi Bjerga; kasaeboe@online.no

Kopi: Christine Haver; Gottfried Heinzerling; Bernt Østnor; Hans-Christian Engum; may.britt.jensen@fmro.no; morten.sageidet@fmro.no; postmottak@fmro.no; astrid.eide@vegvesen.no

Emne: ANG. ENDRINGER I RETNINGSLINJER TIL "REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET"

Til styringsgruppen for «Regional plan for areal og transport på Haugalandet»

På styringsgruppemøtet 14. april framla fylkesordføreren forslag til endringer i retningslinjene som svar på kommunenes innspill i epost 21. mars og 12. april.

Følgelbrev og forslag til endringer ligger vedlagt. Dette oversendes også kommunenes postmottak.

Hilsen Bernt Østnor
Rådgiver Rogaland fylkeskommune
Tlf. 51 92 25 10 / 46 90 45 02
E-post: bernt.ostnor@rogfk.no